

## **Haram Venstre vil ha 1-10-skule på Eidet**

I den siste tida har det blitt diskutert heftig korleis vi best skal forme skulestrukturen i Haram Kommune i åra framover. Vi har sett på moglegheitene for forskjellige strukturar, og vurdert ulike fordelar og ulemper ved dei forskjellige alternativa. Vi i Haram Venstre har på det grunnlaget komen fram til at det er best å redusere gjeldande tal på skular til ein i Vatne/Tennfjord-området. Det er hovudsakelig pedagogiske tankar som ligg bak, men naturligvis òg økonomiske.

Hovudargumentet for ein kombinert barne- og ungdomsskule på Eidet i staden for dagens struktur, er at vi då får betre kapasitet til å tilpasse skulekvardagen for den enkelte eleven. I tillegg vil vi i større grad òg kunne bygge eit betre pedagogisk miljø for elevar med spesielle behov ved ein skule enn kva vi kan ved tre, då einskap gjer at det pedagogiske miljøet blir større og meir samansett, noko som fører til at vi kan utnytte kvar enkelt lærar sin kompetanse endå betre.

I debatten om skulestrukturen i Haram er det viktig å legge vekt på skuleanlegga sin funksjon som nærmiljøsenter, men vi må vege dette oppimot eit betre pedagogisk miljø og viktigheita med godt tilpassa undervisningsareal. Vi i Haram Venstre meiner at det blir teke godt omsyn til begge sidene ved å ha ein skulestruktur som inneberer ein 1-10 skule i og med at avstandane er så korte som dei er.

Med ein 1-10-skule vil vi få ein betre heilsakleg oppfølging av kvar enkelt elev hele skuleløpet igjennom, eit større fagmiljø, meir moderne bygningar som er billigare i drift, og mindre utgifter til administrasjon. Dette vil føre til at vi sparar fleire millionar, noko vi meiner skal brukast uavkorta på å heve kvaliteten i grunnskulen slik at vi får meir verdi for pengane.

Haram Venstre ynskjer å bruke dei pengane vi sparar på samanslåinga til å auke lærartettleiken, satse meir på etter- og vidareutdanning til lærarane, sørge for at elevane har tilgang på oppdaterte læremiddel og bøker, styrke symjeundervisninga, halde på skulefruktordninga og kanskje viktigast av alt heve rammetimetalet.

Haram Venstre v/ gruppeleiar Kristian Stråmyr